

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/553 - 23/8674

Saksbehandlar:
Martin Ivar Henden
Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no

Dato:
05.05.2023

Høring. Søknad om bygging av landbruksveg i Tyssebotn.

Osterøy kommune har motteke søknad om bygging av 860 meter landbruksveg klasse 8 i Tyssebotn frå Johannes Tyssebotn.


Johannes Tyssebotn fik i 2022 i sak 134/22 løyve til oppføring av mjølkestøl for geit med fjøs, stølshus og kokehus i Tyssebotn.

Beiteområdet er eit sameige der søkjar viser til rettsprotokoll frå Eidsiva lagmannsrett datert 19.10.2021. Det går av domen fram at gnr.100. bnr.1. er tildelt bruksordning for beiting med geit på sørsida av Nedre Botna vatn.



Som biletet og kart syner er det utfordringar med tilkomst til beiteområdet. Det går av søknaden fram at føremålet med vegen er å kunne nytte området til beiting med geit. Dyra skal dagleg frå beiteområdet til sætra for mjølking i beitesesongen.

Føremålet med vegen er tilkomst til beiteområdet for geit.



Det er søkt om avvik frå om søkt vegklasse, men det går ikkje fram av kartet kvar avvika er. Osterøy kommune viser til vedlagt svar frå søkjar på dette etter spørsmål om tilleggsopplysningar frå kommunen i brev datert 27.03.23.

I NVE sitt aktsomheitskart er området vist med fare for snøskred og steinsprang.

Det går av forskrift om bygging av landbruksvegar fram at før kommunen gjer vedtak skal det hentast inn uttale som er nødvendig og gjere saka så godt opplyst som mogleg.

I denne saka ser kommunen det som viktig å få ei risiko vurdering med tanke på at vegen skal gå gjennom ei ur i bratt terreng.

Vidare ynskjer kommunen ei vurdering av om det er særlege forhold som det må takast omsyn til etter Naturmangfaldslova.

Området i Tyssebotn er mykje nytta som turområde.

Kommunen sender saka på høyring med høyringsfrist 5.juni 2023.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Martin Ivar Henden
fagkonsulent landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Stølen

Frå stølen

Før ura

Ura

Svar på oppfølgingsspørsmål

Søknad om bygging av landbruksveg.

107/2,3 - Søknad om bygging av landbruksveg

Situasjonskart

Mottakar:

Lars Tyssebotn
Norges Vassdrags- Og
Energidirektorat (nve) Region Vest
Statsforvaltaren i Vestland

Bernesvika 65 5283
Naustdalsvegen 1B 6800
Njøsavegen 2 6863

FOTLANDSVÅG
Førde
LEIKANGER

Mottakar:

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen